

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 22.09.2016, kl. 10:00 – 13:35
Møtestad: Indre Sogn psykiatrisenter, Rutlin, Sogndal

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Jorunn Ringstad	Styreleiar
Agnes Landstad	Nestleiar
Helge E. Bryne	Medlem
Harry Mowatt	Medlem
Liv Stave	Medlem
Atle Hamar	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Geir Berge Øverland	Medlem
Berit Hornnes	Medlem
Elin Lysne	Varamedlem tilsette

Forfall frå styret

Randi Aven	Medlem
------------	--------

Deltakarar frå administrasjonen

Jon Bolstad, administrerande direktør
Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk
Helge Robert Midtbø, direktør Kirurgisk klinikk
Svein Ove Alisøy, direktør Psykisk helsevern
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Tore Hågård, seksjonsoverlege Sogndal BUP
Haakon Totland, internrevisor Helse Vest

Sakliste

- 042/2016 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 043/2016 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 17.06.2016
- 044/2016 Administrerande direktør si orientering
- 045/2016 Rapportering frå verksemda per august 2016
- 046/2016 Møteplan og årsplan 2017 for styret i Helse Førde HF
- 047/2016 Verksemdsoverdraging EPJ-forvaltning til Helse Vest IKT
- 048/2016 Internrevisjon – Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt

Saker til orientering:

- 049/2016 Pasienterfaringar med norske sjukehus i 2015
- 050/2016 Oppfølging bierverv etter internrevisjon
- 051/2016 Eventuelt
- Skriv og meldingar

Styreleiar Jorunn Ringstad ønska styret, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Indre Sogn psykiatrisenter.

MØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om:

Helseatlas – undersøking

Tilvisingar til konsultasjonar innan poliklinikk – Psykisk helsevern Sogn og Fjordane

Helseatlas har sett på datagrunnlag med tal for perioden 2012 – 2015, som viser resultat for psykisk helsevern med konsultasjonar over 4 år. Får befolkninga i dei ulike kommunane i Sogn og Fjordane likeverdig tilgang til spesialisthelsetenester innan psykisk helsevern?

- Korleis varierer tilvisingar til spesialisthelsetenesta mellom kommunar og distrikt?
- Korleis er samanheng mellom mottekne tilvisingar og konsultasjonar frå psykisk helsevern?

Psykisk helsevern for vaksne – konsultasjonar 2012-2015, med samla oversikt for 4 diagnosegrupper (alvorlege sinnslidingar) som utgjer 40% av henvisningar til psykisk helsevern.

Tilvisingsrare og konsultasjonar for BUP, fordelt på 26 kommunar i Sogn og Fjordane er også undersøkt for alvorlege lidningar.

Funn og vurderingar frå undersøkinga er klargjort for publisering i medisinske tidsskrift.

042/2016 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Ringstad orienterte om saklista. 9 dokument var utsendt til «Skriv og meldingar».

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagorden.

043/2016 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 17.06.2016

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 17.06.2016.

044/2016 Administrerande direktør si orientering

1. MR ved Lærdal sjukehus

Adm. direktør Bolstad orienterte om innsamla midlar på over 10 millionar til MR ved Lærdal sjukehus.

I 2015 var MR 11% av undersøkingane HFD (8200 stk). Det er antatt at om lag 40% av alle biletdiagnostiske undersøkingar i framtida vil vere MR.

Framdriftsplan MR i Lærdal, viser at ein brukar 2017 på å realisere gjennomføringa.

2. Arbeid med Pasientens helseteneste i Helse Førde

Adm. direktør Bolstad orienterte om:

Del I: Kva skjer i programmet pasientens helseteneste og organisering?

Nasjonalt helse- og sjukehusplan – vårt oppdrag

Vi ser framover mot 2030, med utviklingsplan for heile verksemda og bygningane, samt arealplan Førde sentralsjukehus. Vi planlegg for forprosjekt FSS.

Nøkkelpunkt – kva vi skal oppnå:

Organisere teneste rundt pasienten meir enn ut ifrå fagområde.

Meir heilskapleg og samordna pasientforløp

- Pasientar med tverrfaglege behandlingsbehov
- Barn og unge
- Psykisk helsevern vs somatikk
- Tverrfagleg mottak og døgntilbødd
- Koordinerte poliklinikkar

Presseoppslag i Nord-Trøndelag, viser at også andre sjukehus jobbar med omorganisering som liknar på vår tilnærming.

Arealutviklinga skal understøtte tenesteutviklinga, jf også sak 048/2016.

Førde: Nybygg psykisk helsevern, ombygging eksisterande sjukehus frå 1979, ombygging høgblokka, ombygging av eksisterande psykiatri til administrasjon og sjukehotell

Lærdal: ombygging

Mogleg organisering som kan gje støtte til utviklingsarbeidet

Status pr 19.09.2016:

Vi har gått bort frå prosjektorganisering av linjeleiinga. Dagens klinikkar held fram inntil vidare. Programorganisering «pasientens helseteneste» vidare som foreslått:

- Engasjerer prosjektleiarar for delprogram
- Startar med Døgntilbod – revidert mandat snart klart
- Utviklingsprosjekt «Psykisk helsevern» startar på onsdag
- Lyser ut stillinga stadleg leiar LSH
- Etablerer arbeidsgruppe for: «samarbeidande sjukehus – organisering av fag i nettverk»
- Møter med tillitsvalde/verneteneste halde fram
- Hyppige nyhendesnuttar på intranettet

Oppsummert om prosessen vidare er at ein tek ting i rekkefølge.

- Organisering av utviklingsprogrammet
- Organisering inn mot forprosjekt FSS

Styret ga honnør til leiinga for den utviklinga som har skjedd i saka og stadfesta at det er avgjerande med gjensidig tillit og openheit i utviklingsarbeidet. Styreleiar påpeika det felles ansvar for dette.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om:

Del II: Korleis analyserer vi dagens utfordringsbilete?

Kostnader til legemidlar har auka 60% ifrå 2012 til 2016, og vil fortsette å auke med innføring av nye legemidlar.

Endring i bemanninga i Helse Førde i perioden 2012 - 2016, viser sterk vekst i legeårsverk. Det er også vekst i årsverk samla for Helse Førde.

Utvikling i aktivitet ved dei somatiske klinikkane; viser vekst i polikliniske konsultasjonar og dagbehandling.

Samla oversikt veke 24/16 viser analyse av belegg og bemanning i sengepostar. Sengepostane FSS, viser ein trend som gå nedover med utvikling tal inneliggande pasientar. Den same trend gjeld også for liggedøgn. Utvikling i bemanninga ved sengepostane FSS viser auke i bemanninga i denne perioden.

Styret kommenterte og stilte spørsmål.

3. Elektronisk kurve- og legemiddelhandtering i Helse Førde

Direktør Hesjedal orienterte om: KULE (MEONA) oppstart i Helse Førde

Elektronisk kurve er teke i bruk. Førebuinga har gått bra, med oppstart 6. september. 250 tilsette har fått opplæring. Ein har nytta spørjeundersøking ved opplæring.

Sengepostar der MEONA blir brukt:

- FSS Med sengepost og Kreftsengeposten frå 6.9.
- NSH, Medisinsk sengepost frå 20.9.
- Er planlagt oppstart ved Medisinsk sengepost/LSH 27.9.
- Meona erstattar papirkurver og skjema, det er fjerna 16 ulike skjema/hjelpearke ved oppstart

Kva seier brukarane?

Tilsette er positive og engasjerte i bruken av elektronisk kurve. Det har vore stor innsats av lokale superbrukarar. Ein har funne gode løysingar på lokale utfordringar.

4. Forandringsfabrikken

Overlege Hågård orienterte om:
Psykisk helsevern for barn og unge og «Forandringsfabrikken»
Mitt Liv psykisk helse – eit utviklingsarbeid

«Forandringsfabrikken» er ei stifting starta i 2004, med 8 tilsette. Stiftinga har offentlig og privat finansiering. Ein inviterer born og unge til å delta i: kartleggingsprosjekt, utviklingsarbeid, påverknadsarbeid og opplæringsarbeid

Utviklingsarbeidet Mitt Liv for Psykisk helsevern har oppstart i 2016, med finansiering over statsbudsjettet. 10 BUP-einingar deltek, og alle føretaka i Helse Vest RHF deltek.

Saman med ungdommane, som er brukarane, skal ein innhente råd/erfaringar og drøfte seg fram til utviklingsområde der vi kan forbetre praksis i tråd med dei råda ungdommane gir. Barn og unge sin kunnskap skal bli ein del av grunnlaget for deira tenester

Fokusområda er:

1. God behandlar, ventetid og bytte av behandlar
2. Familie og nettverk
3. Årsaker før diagnose og medisin
4. Medbestemming i behandling og dokumentasjon
5. Innlegging og tvang

Styret gav honnør til arbeidet i stiftinga. Kva med bruk av chek-ware og andre system i utviklingsarbeidet.

5. Bruk av sysselsettingsmidlar i Helse Førde

Adm. direktør Bolstad orienterte om fordeling av sysselsettingsmidlar, med samla sum 14,6 millionar kroner som er fordelt på institusjonane i føretaket.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

045/2016 Rapportering frå verksemda per august 2016

Oppsummering:

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Kvalitet, aktivitet, økonomi og medarbeidarar

Ventetidsutviklinga viser positiv utvikling. Samla ta ventande er 4298. Ventetid behandla viser 56 dagar mot 75 i førre år. Fristbrot viser 1%. Direkte timetildeling, viser 89% ved første episode, og 63% ved andre episode. Liggedøgn utskrivingsklare pasientar viser 30 (same kommune).

Aktivitet for somatikk viser færre DRG-poeng totalt i august, målt mot førre år. Dagkirurgi/dagopphald viser -3,8%. Heildøgnsopphold viser -6,3%. Poliklinisk aktivitet viser +5,6%.

Aktivitet for psykisk helsevern viser aktivitet om lag som budsjettert.

Budsjettavviket per august er på minus 13,290 mill kroner. Aktivitetsbaserte inntekter er lågare enn budsjettert. Det har også vore lågare inntekter på øyremarka tilskot.

Sjukefråværet i juli var 7,3%. Brutto månadsverk i august vart 2330. Netto månadsverk var 2032.

Styret kommenterte at vi har små avdelingar og om ein kan utnytte fleksibiliteten meir i FSS. Krevjande å lage budsjett med slik utvikling.

Styret etterspurde «Beleggsprosent» vert fast punkt i Rapporteringa. Dette vart informert om skal inn i verksemdsrapporteringa frå neste møte.

Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per august 2016 vert teken til vitande.

Styret ber administrerande direktør følgje opp og ha særleg merksemd på kapasitet i døgntenestene og ressursane knytt til dette.

046/2016 Møteplan og årsplan 2017 for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Det vert lagt opp til 9 styremøter i forslag til møteplan 2017. Styremøta vert halde ved institusjonane i Helse Førde:

- Førde sentralsjukehus, Førde
- Nordfjord sjukehus og Nordfjord psykiatrisenter, Nordfjordeid
- Lærdal sjukehus, Lærdal
- Indre Sogn psykiatrisenter/ Sogndal BUP, Sogndal
- Psykiatrisk klinikk avd. Tronvik, Kyrkjebø

Årsplanen er eit verktøy for å skape oversikt og strukturere styrearbeidet gjennom året.

Planen viser oversikt om:

- ✓ Møtedato, møtestad, faste styresaker, andre styresaker/tema
- ✓ Rapporteringssaker til Helse Vest
- ✓ Omvising/orientering ved institusjonane m.m.
- ✓ Styreseminar med Helse Vest RHF
- ✓ Samhandlingskonferansen i Helse Førde
- ✓ Dialogmøte med KS/ordførarar i Sogn og Fjordane
- ✓ Kvalitetskonferansen i Helse Førde
- ✓ Fellesmøte mellom styret og Brukarutvalet

Styret drøfta framlegg til møteplan og årsplan 2017.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde HF godkjenner møteplan 1. halvår 2017:

Møtedato	Møtestad
Fredag 17. februar	Førde, FSS/ Tronvik
Fredag 24. mars	Førde, FSS
Fredag 28. april	Lærdal, LSH
Torsdag 1. og fredag 2. juni	Førde, FSS
Fredag 23. juni	Førde, FSS
Møtestart kl. 10:00	

2. Styret i Helse Førde HF godkjenner møteplan 2. halvår 2017:

Møtedato	Møtestad
Fredag 22. september	Nordfjordeid, NPS
Torsdag 26. og fredag 27. oktober	Førde, FSS
Fredag 24. november	Førde, FSS
Fredag 15. desember	Førde, FSS
Møtestart kl. 10:00	

3. Styreseminar (kveld) vert i samband med styremøte i juni og oktober 2017.
4. Styret i Helse Førde HF godkjenner årsplan 2017, med korrigert møtedato, i samsvar med vedtak punkt 1 og 2.

047/2016 Verksemdsoverdraging EPJ-forvaltning til Helse Vest IKT

Oppsummering:

Saka gjeld verksemdsoverdraging av delar av EPJ-forvaltninga frå føretaka i Helse Vest RHF til Helse Vest IKT. Mål med overdraginga er å tilpasse og optimalisere regional forvaltning av Felles EPJ for å hente ut effektiviserings- og kvalitetsgevinstar. Bakgrunn for endringa er ei erkjenning av at dagens fragmentering av kompetanse og kapasitet ikkje gir nødvendig gjennomføringskraft til desse omfattande forvaltningsoppgåvene.

Prosjektet har konkludert med at det må etablerast eit regionalt forvaltningssenter for EPJ. Det nye senteret vert lokalisert i Stavanger. Konsekvensen for Helse Førde er at to 100% stillingar vert overført til Helse Vest IKT innan 01.11.2016. Dei tilsette får framleis arbeidsstad i Førde – med ny arbeidsgjevar. Dei tilsette er innforstått med endringa.

Helse Førde har delteke i prosjektgruppa og fått orientering undervegs. Saka har vore til handsaming i møte med tillitsvalde i Helse Førde HF, seinast i august 2016, og fått tilslutning.

Adm. direktør Bolstad orienterte kort om saka, som har eit felles oppsett og blir behandla i alle føretaka i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner at det vert gjennomført overdraging av verksemd knytt til delar av EPJ-forvaltning frå Helse Førde etter same prinsipp som overføring frå dei andre helseføretaka i Helse Vest RHF til Helse Vest IKT AS.

2. Overdraginga skal gjennomførast i tråd med gjeldande lover og avtalar, jfr. Særleg Arbeidsmiljøloven §§16-1 – 16-17.
3. Styret ber administrasjonen i Helse Førde HF i samarbeid med Helse Vest IKT om å gjennomføre verksemdsoverdraginga i god dialog med involvert personale.
4. Styret ber administrasjonen i Helse Førde HF om å bidra til å gjennomføre verksemdsoverdraginga fortrinnsvis frå 15.10.2016 og seinast frå 01.11.2016.

048/2016 Internrevisjon – Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt

Oppsummering:

Revisjonen omfatta to prosjekt:

- o Prehospitalt bygg; luftambulansestasjon, AMK og ambulansetjenester
- o Konseptfase arealplan Førde sentralsjukehus; nybygg for psykiatri, ombygging av hovudbygg, ombygging av eksisterande psykiatribygg

Dei undersøkte prosjekta synleggjer at Helse Førde har vore gode på brukarinvolvering. Dette er vesentleg for å kunne hauste nytte. Det er vidare revisjonen si vurdering at Helse Førde må fokusere på å konkretisere og skriftleggjere planlagde vinstar, samt plan for oppfølging av dei i det pågåande og framtidige byggeprosjektet.

Revisjonsrapporten konkluderte med følgjande tilråding:

1. Helse Vest bør vurdere å utarbeide ein felles policy for korleis føretaka skal drive gevinstrealisering, for å legge eit enda betre grunnlag for felles forankring og lik gjennomføring av denne typen investeringsprosjekt.
2. Føretaka bør arbeide systematisk for å gjere vinstar meir konkrete, involvere brukarane tidleg og la organisasjonsutvikling bli ein integrert del av korleis byggeprosjekt blir styrt og utvikla.
3. Føretaka bør sikre at det blir gjennomført systematiske evalueringar og dokumentert kva ein har oppnådd og korleis det har skjedd.

Helse Førde har utarbeidd ein handlingsplan med tiltak knytt til tilrådingane i rapporten, og denne handlingsplanen blir følgt opp i vidare dialogar mot Helse Vest.

Adm. direktør Bolstad innleia saka, med kort oppsummering om prosessen.

Internrevisor Totland orienterte om: Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt

Omverda:

- Produktivitetskommissjon
- IKT-området i Helse Vest
- Sykehusbygg HF

Prosjektformål:

Stadfeste at planlegginga Helse Førde gjer av nye sjukehusbygg er tilstrekkeleg og formålstenleg for å kunne realisere venta vinstar.

Hovudkonklusjon:

- *Helseføretaka er i ferd med å legge eit godt grunnlag for at planlegginga deira av nye sjukehusbygg er tilstrekkeleg og hensiktsmessig for å kunne realisere forventa gevinstar.*
- *Vi har ikkje sett grunnlag for å trekke fram einskildprosjekt som feil eller dårleg styrte, men lagt vekt på å få fram læringspunkt i frå dei alle. Våre tilrådingar følgjer langs dei same linjene.*

Gode døme og læringspunkt i føretaka i Helse Vest, derav to byggeprosjekt i Helse Førde.

Problemstillingar i prosjektet:

Problemstilling 1: Korleis vert gevinstrealisering handtert i føretaksgruppa?

Problemstilling 2: I kva grad etterlever føretaksgruppa tilrådd praksis for handtering av gevinstrealisering?

Problemstilling 3: Er det område innafor gevinstrealisering føretaksgruppa bør prioritere i forbetningsarbeidet sitt?

Det er viktig å systematisere arbeidet framover. Helse Vest har tre tilrådingar til helseføretaka.

Vedtak (samrøystes):

1. Rapporten frå internrevisjonen blir teken til vitande.
2. Handlingsplan for oppfølging av tilråding i rapporten blir godkjend.
3. Status på handlingsplan skal rapporterast til Helse Vest. Styret i Helse Førde skal haldast orienterte om denne rapporteringa.

SAKER TIL ORIENTERING:

049/2016 Pasienterfaringar med norske sjukehus i 2015

Oppsummering:

Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenester gjennomførte hausten 2015 den årlege nasjonale brukarundersøkinga blant voksne døgnpasientar ved somatiske sjukehus. PasOpp-rapport 2016 «Pasienterfaringar med norske sykehus i 2015» er frå juni 2016. Undersøkinga inneheld 53 spørsmål som det vert presentert resultat for enkeltvis. Frå desse spørsmåla vert det generert 10 indikatorar. Samla sett er norske pasientar meir nøgde med sjukehusa i landet, enn dei har vore før. Innanfor sju av ni indikatorar er resultatata signifikant betre i år, enn for fem år sidan.

Resultatet for Helse Førde er omlag slik det har vore dei siste åra. Lokalsjukehusa Lærdal og Nordfjordeid er også denne gongen på lista over dei 10 sjukehusa som har høgast skåre. Felles for dei 10 sjukehusa er at det er mindre sjukehus og dei er gjerne spesialiserte.

Adm. direktør Bolstad orienterte om saka. Rapporten viser gode resultat for Lærdal sjukehus og Nordfjord sjukehus. Vi kan lage positive oppslag på det vi har om Eid og Lærdal. Pasienterfaringar blir viktig i det vidare arbeid med Pasientens helseteneste.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til orientering, og legg til grunn at føretaket arbeider vidare med å utvikle og betre pasientopplevd kvalitet.

050/2016 Oppfølging bierverv etter internrevisjon

Oppsummering:

Internrevisjon av arbeidet med bierverv våren 2015 tilrådte 9 tiltak for oppfølging i føretaka i Helse Vest. Internrevisjonsrapporten og tilrådte tiltak for oppfølging vart handsama i styra i føretaka hausten 2015. Føretaka har etter dette innlemma tiltaka i sitt arbeid med bierverv.

Adm. direktør Bolstad orienterte kort om saka.

Vedtak (samrøystes):

Styret gir si tilslutning til føreslått oppfølging av revisjon bierverv 2016.

051/2016 Eventuelt

Styremedlem Bryne tok opp spørsmål om nasjonalt tilsyn med blodforgiftning, og etterspør munnleg eller skriftleg utgreiing av sepsis-tiltak til neste styremøte.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Samhandlingsnytt, august 2016
- Samhandlingsnytt, juli 2016
- Notat til Helse Vest RHF vedr. «Høyringsuttale – forslag til forbud mot bruk av fossil olje og parafin til oppvarming av bygningar frå 2020», datert 05.07.2016
- Erklæring frå revisorfirma BDO AS, datert 17.08.2016
- Brev til Førde kommune vedr. «Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av detaljregulering fv. 484 Vievegen, gang og sykkelveg», datert 07.09.2016
- RHF styresak 067/16 «Mål på aktivitet i psykisk helsevern» (gylne regel)
- RHF styresak 074/16 «Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2017»
- RHF styresak 078/16 «Rettleiar for arbeidet med utviklingsplanar»
- Tilleggsdokument til styringsdokument 2016

Ref. Berit Irene Haarklau

Jorunn Ringstad
Styreleiar

Agnes Landstad
Nestleiar

Helge E. Bryne

Harry Mowatt

Liv Stave

Atle Hamar

Wenche Kristin Røkenes

Geir Berge Øverland

Berit Hornnes

Elin Lysne
Varamedlem tilsette